



REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE KLEPPE SKULE TORSDAG 09.06.22 KL.19.00 -20.30

Stad: Konferanserommet, personalinngang

Tilstade: Ola Sotnakk (FAU), Einar Erga (pol./skuleeigar), Arian Eshagi (Elevrådsrepresentant), Leif Oscar Reiestad, (ped.pers), Mette Erga Brunnes (anna pers.), William Karlsen Sande (elevrådsrepresentant) og Sylvia Gjersdal(rektor)

Forfal: Anne Gunn O Slethei (ped.pers.), Aina Grude (FAU) og John Henrik Utsola (FAU)

SAKLISTE

Sak 25/21-22

Godkjenning av referatet frå 20.04.22

Referatet vart godkjent utan merknadar.

Sak 26/21-22

Utviklingsplanen for Kleppe skule 2022-2024

Rektor la fram oppsummering frå evaluering for 21/22 og konsekvensar for vidare arbeid med pedagogisk utviklingsarbeid.

Orientering om prosessen som har vore, analysebakgrunn og prioriteringar. Gode drøftingar og innspel frå medlemmane i Driftsstyret.


Hovudområda for utviklingsarbeidet dei neste to åra vil vere Identitet og kulturelt mangfald og Skaparglede, engasjement og utforskartrang. I dette ligg både arbeid med motivasjon, inkludering, trygt og godt skulemiljø og implementering av Fagfornyinga. I tillegg vil det bli fokus på implementering av Kleppmodellen.

Ferdigstilling av Utviklingsplanen vil ikkje bli gjort før august 2022.

Sak 27/21-22

Orienteringssaker

- Økonomi - status
Ein del i meirforbruk. Reknar med å koma ut i balanse ved årsskiftet.
- Utviding/modulbygg knytt til mottak av fleire flyktingar. Modulbygget er snart klart, frå skulestart i august blir dette klasseromma til tre av dei seks gruppene på Språkstasjonen. Modulbygget har fått namnet Nordlyset. Det vil vere elevar frå 5.-10.trinn i Nordlyset, dei yngste elevane er i hovudbygget.



Med blick for alle



Sak 28/21-22

Forslag møteplan 22/23

Sjølv om ikkje driftsstyret for 22/23 er konstituert er det ønskeleg å vedta møteplan. Denne kan justerast på første møte haust 2022. Planen blir samkøyrd med FAU.

22.09.22 kl. 18.00-20.00

16.11.22 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

31.01.23 kl. 18.00-20.00

13.04.23 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

08.06.23 kl. 18.00-20.00

Saka vart teken til orientering.

Sak 29/21-22

Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutval Barn & Unge Elevrådsstyret:

Val – skulesjefen var med. Ho var og med på lunsj med elevrådsstyret etterpå.

Aktivitetsveka – her bidrog elevrådsstyret.

FAU:

Arbeidar vidare med sakene frå i vår. Har sikra kontinuitet ved at fleire i FAU blir med vidare. Nye FAU-representantar er på plass og foreldrekontaktar er valt.

Skulen/SFO:

Fellessamlingar og forestillingar

Stavtjørn, overnattingstur

Hobbyutstilling

Generelt mykje positiv aktivitet

Hovudutvalet:

Skulemat: Kleppe og Bore har søkt og får midler til dette.


Leksepraksis: Alle skulane har hatt debatt. Viktigast er å vere bevisst kring lekser.

Tertialrapporten – ser ut som at det kanskje blir eit lite meirforbruk.

Fond: Midler til læremidler. 4 millionar blir fordelt, 2 millionar fordelt på dei neste to åra.

Klepp kommune, 25.06.22

Sylvia Gjersdal
Rektor



Med blick for alle